



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
26.09.2014  
Dykkar dato  
13.06.2014

Vår referanse  
2014/10044 421.3  
Dykkar referanse  
14/276

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Offentleg ettersyn - framlegg til planprogram - melding om oppstart av delrevisjon av kommuneplan for Radøy - PlanID 12602013000200.

Vi syner til brev dagsett 13.05.2014 med uttalefrist 01.10.2014. Saka gjeld melding om oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplanen for Radøy, samt offentleg ettersyn av planprogrammet for revisjonsarbeidet.

I arbeidet med planstrategien for Radøy kommune 2012-2016 vart det avdekt behov for å videre delar av kommuneplanen, nærmere bestemt arealdelen av kommuneplanen. Gjeldande kommuneplan vart vedteken i kommunestyret 29. september 2011. Gjeldande kommuneplans visjonar og strategiar er framleis aktuelle som føresetnader for det vidare planarbeidet. Det er vidare vurdert at det ikkje er behov for ny handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden.

Revisjonen av kommuneplanen er ein delrevisjon og skal omfatte følgjande tema:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF-område, kulturminne, havområde
- Strandsone, byggjegrense mot sjø og havområde
- Heilårsbustadar i LNF-område, frådelte eigedomar med eksisterande bygg

Kommunen ønskjer ikkje å opna opp for å legge inn nye byggjeområde i kommuneplanen ved denne revisjonen. Nye byggjeområde i planen skal konsekvensvurderast og det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalysar.

Fylkesmannen er positiv til planprogrammet, og ønskjer lykke til med det vidare arbeidet!

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*